



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3081 - 16/29619

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
25.10.2016

Godkjent endring av løyve - gbnr 185/296 Isdal

Administrativt vedtak. Saknr: 515/16

Tiltakshavar: Frank Vedå
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endra plassering av tiltak. Løyve til oppføring av garasje gjeve 03.01.2014. Søkjar ønskjer å flytta garasjen 1,3 meter mot aust og 0,3 meter nærare naboeigedom gbnr 185/295. Det vert elles vist til søknad motteken 20.10.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 20.10.2016 og frist for handsaming etter pbl. §21-7 jf. Sak 10 §7-2 er 3 veker frå denne dato.

Nabovarsel

Endringa er ikkje nabovarsla. Ansvarleg søkjar har i søknaden skildra at endringa ikkje treng varslast.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.10.2016. Eigar av gnr. 185, bnr. 295 har i erklæring datert 15.10.2016, samtykka til endra plassering av tiltaket.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Som vist i situasjonsplan frå Teknisk drift, VVA datert 30.08.2013.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til endra plassering av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 17.10.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/3081

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Før det vert gjeve ferdigattest for tiltaket må faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn og koordinatar sendt kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frank Vedå	Orrestein 16	5916	ISDALSTØ
------------	--------------	------	----------

Mottakarar:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDFSOSSEN
----------------	--------------	------	-------------------